

Dårleg russespøk for 25 år sidan

12.05.2013

Det er snart 17. mai og i det høvet har ein lesar sendt oss utklypp frå Kvinnheringen for å minna om ein ualminneleg dårleg russespøk for 25 år sidan.

Då var kyrjeklokkene i Uskedalen og på Valen tagale og i Kvinnherad kyrkje ringde dei med ei reserveklokke. Grunnen var at 3 raudruss hadde fjerna kolbene og erstatta dei med spekepølser. Dei innømte kva dei hadde gjort for kyrkjeleiinga og lova å gjera opp for seg. Dei vart ikkje politimelde.

Trioen kom attende og hengde opp att kolbene og det var positivt, sa kyrkjetenar Leonard Eik i Uskedalen til avisa.

Men han var svært betenkt over utviklinga i russe-spøkar som vart stadig grovare, Den spesielle spøken vart oppdaga under førebuingane til gudstenestene.

Ein av dei 3, som stod fram under fullt namn i avisa sa at målet var å skapa ein god historie men innrømte at dei hadde gått for langt.

Av Ola Matti Mathisen